

Skyldskifte.

Sam dag den 5 nov. 1949 heldt me underskrivne, som lensmanner
hev nemnt opp, skyldskifte på garden..... *Folue*
g.nr. *10* b.nr. *6* med skyld mark *0.90* i *Melaued*
herad. Skyldskifte er kravt av *Fael Sudersen*
som hev grunnboksheimel til den egedomen skyldskiftet gjeld¹⁾.

Menns-opptnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skjonsmannslovnad, så nær
som²⁾

Ved tenesta møtte³⁾ *Seljar og kjøper Tugue Brakstad.*
Sudsen i lensura var der ikkje møtte fram.

Mennene valde til formann *Folus. Walde*

Den fråskilde luten av garden hev desse

grensone :⁴⁾

Greusa lek til i parsellens nordaustre
kjørne, merkestien med vitue, i greusa mot
garden Høpland g.m. 15, derfra sørvest -
vest og fylgjer greuselina med br.m. 2 av folue
145 m. x i berg vidare 10 m. merkestien med
vitue, derfra 85 m. merkestien med vitue,
fylgjer so greuselina med br.m. 3 i same
leid 94 m. x i berg og vidare 40 m. x i berg.

- 1) Skyldskifte kan ikkje godtast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av egedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).
- 2) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta vert haldi, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skjonsmann samvitsfullt og etter beste overtøydning. den 19 N. N.»
- 3) Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsle dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).
- 4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitut i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den egedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).

Herfra sør - søraustleg eller same grense-
linja 80 m. x i berg og derfra 132 m. x i
berg. Går herfra i austleg lid og fylgjer
den grenselina med br. nr. 2, 30 m. merke-
stein med vitne, vidare 133 m. x i berg
derfra 112 m. x i berg og derfra 3 m. til
grenselina mot garden Høpland gr. nr. 15.
Herfra nordvestleg og fylgjer grenselina
mot garden Høpland 40 m. x i berg,
bøyer litt nordleg 120 m. x i berg, bøyer
litt nordvestleg 50 m. x i berg vidare
22 m. til utgangspunktet.



1. Er det jordbruk og skog i den eigedomen som vert bytt? Nei

2. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, så mykje skog som trengst til husberging og gardsstarv?

3. Er det jordbruk med fjellvidd — med det er og meint fjellvatn, elvar og bekkjer — med i den eigedomen som vert bytt? Nei

4. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, så mykje fjellvidd som trengst for bruket?

Vert det svara ja på spørsmål 1 og nei på spørsmål 2, eller ja på spørsmål 3 og nei på spørsmål 4, så lyt ein dessutan svara på dei spørsmåli som no kjem:

5. Hev heradsstyret samtykt i skyldskiftet?

6. Eller held skyldskiftemennene det for greidt at den fråskilde luten er etla til å dyrkast eller til byggetuft, veg, industriverk eller til andre dilike føremål? Dyrkast

7. Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i lov om odels- og åsætesretten frå 26. juni 1821?

Me vitnar:

a) At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. ~~Likevel hev me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarki på den måten, at~~

~~me di me hev funne vidare utbyting gagnlaus.¹⁾~~

b) At kvart bruk hev fenge so laglegt skap for verning og nytting som det er høve til.

Skyldi på den fråskilde luten vart sett til m.k. 0,25

Attverande skyld på hovudbølet er m.k. 0,65

Den fråskilde luten (sekk bruksnamnet²⁾) Ljellheim

Kostnaden med å halda og tinglysa skyldskiftet ber:³⁾

Kjoparum

¹⁾ Det som ikkje høver, stryk ein.

²⁾ Til bruksnamn må ikkje i noko tilfelle takast namn som alt vert nytta til slektsnamn, utan namnet høyrer til dei som er heller vanlege (sm. lov frå 9/9 1923 nr. 2, § 21).

³⁾ Dersom det ikkje er opplyst eller nokon part segjer, at det er gjort avtale om kven som skal bera kostnaden med skyldskiftet skal mennene her taka inn avgjerd om korleis partane skal bera kostnaden segsmellom.



Partane fekk opplysning om at dersom dei er misnøgde med den skyldi som her er sett eller med det markeskil som er fastslege, kan dei anka skyldskiftet til overskjøn, men at ankeutsegn då lyt vera komi til sorenskrivaren innan tri månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar, at me hev gjort tenesta etter beste skjøn og overtyding og etter den skjønsmans-lovnaad me hev gjeve.

Me hev fastsett, at Johs. Walde
skal syta for å få flidd (sendt) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Johs. Walde Arthur Hestdal
John Gjerkås

Godteke til tinglysing 9. november 1949
For sorenskrivaren
Nelly Belle Wærstedt

Tinglyst på

De m fråskilde lut hev fenge g.ar. 10 b.ar. 40.

For tinglysingi kr.

